

Kyrkja har stått sentralt

Kyrkja og kristendomen har stått svært sentralt i Lomværane sitt liv. Lom stavkyrkje, frå 1100-talet, kjenner dei fleste historien til. Den nåverande kyrkja i Bøverdalen vart bygt i 1864 med Honoratius Halling som prest.¹ Garmo kyrkje vart oppført som erstatning for den gamle Garmo stavkyrkje og var klar til bruk i 1879, femten år etter at kyrkja i Bøverdalen stod ferdig.

Kristendomen breidde seg ut i Noreg på 800-tallet frå dei britiske øyer til vestlandet og frå Tyskland og «Frisland» [Holland] over Danmark til austlandet. Munkane og vikingane fungerte som misjonærer. Olav Haraldsson eller Olav den heilage hadde ei sentral rolle i innføringa av kristendomen i Noreg, som i løpet av 1100-talet hadde fått godt fotfeste. Erkebispedømet Nidaros omfatta Noreg, delar av Sverige, Island, Grønland, Orknøyene, Færøyene, Shetlandsøyene, Hebridene og Isle of Man. Grunnloven av 1814 vart starten på ein kyrkjeleg reformprosess.²

Looms Kirke – en meget gammel Træ-Bygning

Lom stavkyrkje er rikeleg dokumentert og står der like rak og flott i dag som den har gjort i 1000 år. Schøning skriv i sine skildringar frå 1775: «Looms Kirke er en meget gammel Træ-Bygning, af Stav- eller Reis-Værk, og har, i sin Tiid, da den var Velmagt, vel været en liden, men derhos meget næt, artigt bygget og smukt stafferet Kirke, ... Looms Kirke har været forsynet, med Træhvælvinger; men man har betaget den det meeste av sin Anseelse, ved at indlægge, i de senere Tiider, Loftet saa vel over Kirken, som Choret.»^a

Lom stavkyrkje blir av Schøning også omtala som «Mo Hoved Kirke i Mo Sokn». «Monom er det meest gangse Navn, hvormed Looms Prestegaard kaldes, i fordom Dage; men den kaldes desuden ogsaa Manum, sasom i et Pergaments Brev, utstædt av haraldr, Lagmand a Æidi ...» ... «Sognet og Kirken kaldes Mo Sokn, i foranførte Brev af 1425; Moo Sokn, i et andet, udstædt, av Bergsuein Harladson, Prest a Monom...» «Kirken faaer Navn av Moins Kirke, i et Mageskifte-Brev, gjort A 1587». Lomskyrkja har med andre ord vore omtala på mange måtar opp gjennom tidene.



Lomchurch.

Aug. 1867.

J. E. Backhausen.
1867.

Fotografi av «Lomchurch Aug. 1867» frå albumet etter Louise Heine. Sida som bildet er montert på er signert J. (?) E. Backhausen. 1867. Det må vere Backhausen som har laga i stand albumet der bildene etter Heine er montert. Dette er eit svært tidleg foto av Lomskyrkja.

Forfattar Yngvar Nielsen trefte tyskaren Louis Heine på fleire av sine vitjingar i Lom på 1860-talet. «I de Aar, da hans samtidige tjente sin Værneplikt, var han borte [frå Tyskland], og derefter var det ham umuligt at vende hjem. Han blev i Norge, hvor han ernærede sig som Fotograf, og som saadan kom han ogsaa til Lom. I Præstegarden fandt han foreløbig sit blivende Hjem hos Halling. Han blev indkvarteret i et ganske lidet Hus ved Gaardspladsen, og dette blev Midtpunktet for al Moro, for alle muntre Indfald. Halling kaldte det [huset] Uroa. Saalænge Heine boede der, skal Huset have svaret til sit Navn».

Heine skal i fylgje Nielsen ha kjent alle og alle kjendte Heine. Han reiste omkring både i Lom og Vågå og vant «en Plads i manges Hjerter, og alt maatte synes at tegne til, at han skulde ende som Døl». I 1870 kom det melding til Lom om at krigen mellom Preussen og Frankrike hadde brote ut. Heine reiste attende til Tyskland og meldte seg til teneste i den Preussiske hæren.¹⁴

Capell fra den Gaard Anduardo eller Anwordu

På Andvord, berre ein knapp kilometer frå Lom stavkyrkje, har det også stått eit kyrkjebygg. Kyrkja på Andvord blir omtala som eit kapell. Biskop Sigurd skal i 1419 ha bestemt at dette skulle flyttast til Skjåk, noko som er stadfesta i to brev frå 1437 [Diplomatarium Norvegicum I: 758 og 759]: «Bisp Peter af Hammer stafæster i alle Dele sin Formands Bisp Sigurds Gavebrev om Kapellet i Andvord, som han lod føre til Skedaker i Nordherraad paa Lom.»...³

Både på Andvord (Andvarda), Synstnes (Nes), Gjeilo (Geirlo), Skjåk, Hove og Bøje var det såkalla høgendeskyrkjer, private kyrkjer som bonden eller annan stormann fekk reist på eigen gard. Kyrkja på Andvord vart oppført rundt år 1400 av eigaren på Andvord, Gisbrikt Guttormsen. Kyrkja skal ha vore ei stavkyrkje utan tårn med ein takryttar (eit lite tårn) som klokkehus. Det skal ha vore ei langskipa kyrkje med svalgangar rundt. Kapellkyrkja vart satt opp att nedanfor husa på Nigard Skjåk og nytta som soknekyrkje fram til 1630.⁴

På Andvord vart det før 1775 funne «spyd, piler, bidselmundbind, stigbøjler og ben. Paa samme gaard stod tilforn et kapel af stavverk, som i følge et brev af 1437 blev flyttet omkring 1400 til Skedaker. – Blandt de flere vaaben og andre sager, som i sin tid opbevaredes paa Blaker....»⁵ I 1429 lot altså biskop Sigurd kapellet på Andvord ved gave bli overført til Skjåk.

Lokalisering og avgrensning av kyrkje-staden er uavklara, likeså kvar tofta for Andvord stavkyrkje har vore. I Bygdeboka blir det opplyst at kyrkja på Andvord skal ha stått på haugen aust for driftsbygninga på Andvord søre, utanfor fylkesvegen i vestre enden av ryggen. Det er ikkje opplyst kvar på garden det er funne menneskebein, som kan vere ein indikasjon på ein kyrkjegard. Det var gjennomført arkeologiske søk i dyrka mark hausten 2008, der det var gjort funn av ein kokegropslokalitet (på austsida øvst på jordet).⁷

I skriv dagsett 25. januar 1437 var bisp Peter i Lom på visitasferd, der han «stadfester gåvebrevet til sin føremann bisp Sigurd, om kapellet på Andvord – som han let flytta åt Skjåk.» «I brev av same dag og år som ovanfor nemnd, var Halbiørn Reidulson, krossbror i Hamar, og 4 lagrettsmenn, Sigurdur Peterson, Bjarne Olavson, Toralder Berdason og Hallvard Sigurdson på prestegarden i Lom, og dei vitna at dei for 18 år sidan var på Prestegarden Moar i Lom, då Gisbrikt Guttormson på Andvord tok biskop Asbjørn i Hamar i hand på at kapellkyrkja, som etter bisp Sigurds bod var flytta frå Andvord til Skjåk, skulle varta upåtala frå honom Gisbrikt og arvingane hans.»⁸

Det finst i fylgje Schøning to pergamentsbrev «som angaae et Capell, der blev ført fra den Gaard Anduardo eller Anwordu» ... «Det første er udstædt af en Halbjørn Eidulson, Korsbroder i Hamre, med flere, som vidne,

at Gisbrikt Guttormson i Anuardo gjorde det Løfte til Bisp Anbiørn i Hamre, og til Capellæ Kirkiui, som siden blev givet til Bisp Sigurdh og denne lod føre til Skidakers, i Nordheradt a Loom, at de skulde være upaatalte: uanfægtede af benævnte Gisbrikte og hans Arvinger; dat: a Monum A^o 1437.»^a

Kyrkja i Bøverdalen ferdig til bruk i 1864

Den nåverande kyrkja i Bøverdalen vart bygt i 1864 med Honoratius Halling som prest.² I Årbok Dølaringen 1933 skriv Eilev Brenna at «Inntil denne sto ferdig var Lomskyrkja oppsøkt av folk frå heile Bøverdalen til kyrkjelege handlingar. Og det kunde rett vera trongt um det, når ein veit at det er upptil 30 km. frå øvste gardom og ned til Loms-kyrkja, og vegløyse var det etter di tronge Bøverdalen like til i midten av det 19 hundradåre, ja like til 1877–1881 var det Gamlegaddi og Svoerne ein måtte fara etter, ... Når barn skulde hava dåp og kristendom, so var det å føre det på sadelknappen og hesteryggen.»

«Førslekonor dei kalla, var det i kvar grend, som gjorde slike kyrkjeferder for dei som ikkje sjølve orka det, for veggen var so stupbratt sine stelle, at det var uråd å rida dessmeir. Dei 7 Stabergskrokane (ved Flå) er namngjetne i so måte. Stundom for dei nok nedover dagen fyre messa, som oftast reiste dei både ned og opp same dagen.»

«Små liv som var slokna vart ført på sadelknappen. Var det eit større, måtte det førast på båre, det vil segja tvo slindar som ligg i meisgreie millom tvo gampar. I dei verste berg i krokane og krikar, kan vi nok forstå at ei slik ferd hadde sine store vansdskar.»^b




Bøverdalen church.

Bilde i albumet etter Louis Heine av Bøverdalen church. Kyrkja må her vere heilt nybygt.

758.	25 Januar 1437.	Mo [Lom].
V y Pæder medh [gudz] nadh biskuper j Hamre. kungorom ollum þeim som þetta bref sea eder høyra: at wy hafvum fulkonliga stadfest . . . [g]lof v m kapellæ kirkiøne j Anduorde som var wyrdæligx herræ ok forfader biscop Sigurdi j Hamre godf rar a jinninghar gaf ok leth fora till Skidakers som ligger j Nordherad i Loom j ollum sinom greinum ok articulari som fyrnæmdz biskups Sigurds bref siallt vtuiser er þetta wart eer vider fest ok til sannindæ her v m hengdom wy wart sceceht firir þetta wart stadfestæ bref som gjort war a Monum vppa sancti Paals dagh anno domini medxxx septimo.		
Bagpaa med Haaud fra det 17de Aarh.: Om Anduordz capelle thill Skeager floht.		
<i>Halbjørn Reidulfsøn, Korsbroder i Hamre, og 4 Lagrettsmenn vidne, at de for vist 18 Aar siden vare paa Mo (Lom) Prestegard. da Gisbrikt Guttormsen i Andvord tog Biskop Anbjørn i Hamre i Haaud paa, at Kapellkirken, som efter Bisp Sigurds Bud var flyttet fra Anduord til Skedaker, skulde blive upaatalt af Gisbrikt og hans Arvinger. (jfr. foreg. No.) Efter Orig. p. Perg. i norske Rigsarkiv. Alle 5 Segl hele.</i>		
759.	25 Januar 1437.	Mo [Lom].
Thet se ollom godom monnom kunnikt at mith Halbiørn Reidulfsøn koorsbroder j Hamre. Sigurdur Peterson. Bierne Olafsson Toralder Berdorsson ok Halaard Sigurdasson suorner logrette (men) warom j prestegardenum a Monum viist firir alian aarom thy j hia sagom ok høyrdom a ath Gisbrikt Guttarmsson j Anduorde. helt j hondh wars wyrdæligx herræ ok andeligx faders herræ Anbiørns medh gudz nadh biskups j Hamre gudh hans saall naede medh sinom godom vilia ok *latuade at kapellæ kirkiøen som ført war af Anduorliv til Skidakers j Nordherad i Loom efter biskups Sigurds bode ok brefve godom a minninge skall æuerdælige alalalaus vera firir fyrnæmfidom Gisbrikte ok hans erfingiom. til sannindæ her v m hengdo wy waar jnsigle firir þetta bref som gjort war i prestegardenum a Monum a sancti Paals dagh anno domini medxxx septimo.		
Bagpaa med næsten saantidig Haaud: breff v m capellin Anduordhæ.		
To Lagrettsmænd i Gulbrandsdalen vidne, at Holte Jønsen tilbød Amund Nilsen at bygge Gaarden Tolftestadi Vaage Sogn, som Holte havde i Bestyrelse for sin Væromod Fru Adalis Erlingsdatter. Efter Orig. p. Papir i norske Rigsarkiv, med Levning af 1 Segl. Noget af Brevet er afrevet.		

Kyrkja på Andvord er omtala Diplomatarium Norvegicum, Oldbreve til Kundskab om Norges indre og ydre Forhold, Sprog, Slægter, Sæder, Lovgivning og Rettergang i Middelalderen 1: Første samling.



Kart frå Kulturminnesøk, Andvord.

Busetning-aktivitetsområde, lokalitet av fleire stolpehol, ein mogleg ildstad og to rektangulære nedgravingar. Under dyrket mark.

Andvord stavkirke 1 [12721-1] «Fjernet kirkebygg. Datering: Middelalderen Vernestatus: Fjernet [automatisk fredet]»

Den gamle kyrkja i Bifradal

Det må ha vore kyrkje i Bøverdalen også tidlegare. Denne vart truleg bygd før svartedauden og skal ha vore ei lita, enkel stavkyrkje. Residerande kapellan Jacob Rolsdorp og studios Kerwchow laga i 1775 ei skildring og kartskisje over Lom der dei skreiv om «En Kirche-tomt ved gaarden Galde. Kirken er nedbrutt for ungefær 120 aar siden». Etter dette må ein kunne tru at kyrkja har stått til ca 1650 sør for Galde gard på ein åker som vert kalla «Godleggs-økeren». Frå denne åkeren går Storberget rett opp mot Bakkeberg-gardane. Der er det ein [fjell]hamar som blir kalla «Bån-Hamaren» med namn etter at eit barn skal ha gått ut på det

sleipe berget og slege seg i hjel under eit stort brudefylgje ved kyrkja. Gerhard Schøning nemne Galde og den gamle kyrkja i sine reiseskildringar frå 1775: «Gaarden Galde ligger ellers øverst i Bæverdalen, og hos den har staaet en Kirke, som ved 1650 omtrent blev afbrudt; men mueligt i Nordherret...»

Den gamle Bøverdalskyrkja skal ha reist i flaumen ein gong Bøvra kom stor og stygg. Klokka skal ha vorte hengjande på ein stein i Kleivom og berget har den dag i dag namnet Klukkberget. Dørhella åt kyrkja skal ha vorte attfunnen på Sygard Galde og gjer nytten sin som dørhelle på Nigard Sulheim. Det skal ha vore den rike og fornemme «Smiugjels-

frua» i Visdalen som ga klokka åt kyrkja i tillegg til at ho skal ha betalt ei halv våg smør for at ringjaren skulle ta til å ringje når han såg den fine frua kome ridande på Tjønnbakkjen. ^a

Schøning skriv frå reisa si i 1775: «... der berettes ogsaa, 1 1/2 Mil fra nuværende Lom Kirke, at have for dum staaet en Kirke, paa Reppavolle, som stedet heder, men Gaarden Mungield. Andre berette, at Kirken har staaet ved Gaarden Galde. Benævnte Dalstrækning maae i for dum Dage have været langt høier op beboet, end den nu er, da ingen boer høier op, end 1 1/2 Miil, fra Kirken paa Loom, og da det ei er at formide, at man har sat Kirken, ved den yderste Ende af Dalen.»


Det skal finnast att ein gamal bokreol på Nigard Galde som det er fortalt om skal vere att frå den gamle kyrkja. ⁹



Bokreolen på Nigard Galde skal vere att etter den gamle kyrkja i Bøverdalen. Dette var nedskrive til 100 år jubileet for kyrkja i 1964: «Det har kome for dagen ei hylle som etter tradisjonen skal ha høyrte den gamle Galdekyrkja til. Hylla har vore på Nigard Galde heile denne tida. ... Tradisjonen seier vidare at hylla vart brukt til å ha bibelen og postillen i. Hylla er mykje godt laga når ein tek omsyn til tida ho er snikra. Treverket er ikkje makkete, og det er vel den sterke målinga å takke mest for. ... Det er lett å tyde at snikkaren har vilja laga ein ting som skulle skilja seg ut frå andre liknadne ting. ... I avsides kyrkjer var det degnen [ein som assisterte presten] som samla til kyrkjegong, oftast på høgtidsdagane. Om det var så i Bøverdalen, veit vi ikkje, men det ligg nær til å tru.»^h Foto: Kari Borgny Galde

Erstatning for Garmo stavkyrkje

Garmo kyrkje vart oppført som erstatning for den gamle stavkyrkja på Systugun Garmo. Denne vart etter kvart alt for lita og var dessutan i svært dårleg stand. Den nye kyrkja vart innvigd den 12. september 1879. Da hadde det gått 15 år sidan nykyrkja i Bøverdalen vart teken i bruk. Byggearbeidet tok fem år med Elias A. Tonning frå Stryn som byggmeister. Døypefonten i kyrkja vart laga av Ola Byrø i 1879. Middelalder døypefonten frå Garmo stavkyrkj vart brukt i nykyrkja i ei stutt tid, men vart overleten til Oldsaksamlinga og seinare plassert i kyrkja på Maihaugen.^c



Garmoskyrkja stod klar til å takast i bruk den 12. september 1879, som erstatning for stavkyrkja på Systugun Garmo. Foto frå Wikimedia Commons

«En gammel stavkirke ikke større end et almindeligt Bondehus»»



Tyskaren Louis Heine må vere den einaste det finst fotografi etter av Garmo stavkyrkje på den opprinnelege staden på Garmo. Louis Heine var «losjerande» fotograf i Prestgarden «på Mo» i 1860-åra og reiste mykje rundt og fotograferte. Særleg var Heine oppteken av kyrkjebygga våre. Her må han ha fått hjelp til å ta seg ut på vatnet for å få den rette vinkelen. Ottaelva må ha vore flaumstor da bildet vart teke. Kyrkjemurane går rett ned i vatnet og det er langt ned til normalt vassnivå, i alle fall slik det er i dag. Dette bildet må ha vorte teke omlag 15 år før kyrkja vart nedteken og seld stykkevis og delt. Noko som tømmer og noko som ved.

Garmo stavkyrkje er anteken å vere frå siste halvdel av 1100-talet. Kyrkja vart nedriven tidleg i 1880-åra og seinare satt opp att på Maihaugen og teken i bruk der i 1921.

I 1845 vart Garmo stavkyrkje omtala som «en gammel Stavkirke ... som har tabt sin oprinelige Form og faaet tilsætninger af Kors og Taarn. Den er meget liten, ikke større end et almindelig Bondehus.» Kyrkja skal også ha vore utan det som vart kalla forsiringar, eller utskåren dekor.

I Store norske leksikon står det at den enkle, korsforma kyrkja hadde hovudskip

og kor i stavverk og mindre og lågare tverrarmar i laft. For enden i aust er det føygdd til eit sakristi, i vest eit lite våpenhus. Ein takryttar frå 1690 med spisst spir over krysset. Taket og spiret er dekt med spon og dragehovud pryder gavlene i aust og vest. Bygningsforma liknar mykje på andre stavkyrkjer og på trekyrkjer frå dei første århundra etter reformasjonen (på 1500-talet). Slik den står på Maihaugen i dag, er den ein relativt fri rekonstruksjon frå 1921.⁸

NEMNT FYRSTE GONGEN PÅ 1200-TALET
Garmo starkyrkja var nemnt fyrste gongen i eit diplom skrive mellom 1202 og 1240. Der blir det vist til tvisten der


Torgeir Gamle på Garmo fekk fiskeretten på Tesse av Olav den heilage på misjonsferda i 1021. Torgeir «tok trua» og let det reise ei kyrkje på Garmo gard. Det er ingen ting av dei bevarte bygningsdelane frå kyrkja som tyder på at det var reist ei kyrkje så tidleg som på Olav den heilage si tid. Arbeidet liknar heller på midten av 1100-talet og seinare frå gotisk steinarkitektuer på 1200-talet. I ei innskrift frå «Systun Garmo» frå 1730 og frå «Systun Frisvoll» frå 1785 vert det ymta om at kyrkja skal vere bygt i 1130, men bakgrunnen for denne dateringa er usikker.

I ei omtale frå 1675 blir Garmo stavkyrkja omtala som «gammel og forråtnet» og det vart anbefalt å byggje ny alt den gongen. I 1690 vart svalgangane fjerna, koret vart reparert og utvida og våpenhuset mot vest vart fornya. Den gamle takryttaren hadde blåse ned. Kyrkja var gjenstand for ei ny, omfattande renovering i 1730.

Da kyrkja vart nedteken i 1870-åra var det, i fylgje fortidsminneforeningen, lite att av det som hadde vore ei middelalderkyrkje. Berre nokre delar av veggane med runde ljusopningar, enkelte stavar, og begerforma kapiteler [øvre avslutninga av søyler] utan skurd. Takverket var av den «sedvanlige typen», truleg med ein konstruksjon med sperrer, saksesperrer og såkalla hane-

bjelker avstiva med bogeknær for avstivning, slik som det var vanleg i stavkyrkjen frå det som da blir omtala som nyare tid, også dragehodene på gavlane og mønekammene.¹¹

Schøning nemner også «Kirken i Garmo» i sine skildringar når han skal ta turen attende frå «Loom til Vaage» og vidare nedover dalen der han kjem inn på segna om St. Oluf og «Tesse Fiskevatn, hvilket berettes, at være foræret av St. Oluf, til Kirken og til Manden paa Gardmo især, da Christendommen her skulde indføres, hvis han vilde tillade, at en Kirke paa hans Gaard maatte bygges. Dette staaer udtrykkelig i et Pergaments Brev, udstædt av Biskop Ifwar i Hamre hvori berettes, at K:Olafur hin hælge gaf



I «Skillingmagasinet til Udbredelse af almenyttige Kindskeer» no. 2 den 10de Januar 1857 var det eit stort oppslag om «Loms Præstegjeld [fordum Loar] og Annuerxsognet Gardmo i den saakaldte Vaardal. Annuerxsognet Gardmo ligger derimod i den saakaldte Vaardal, en af de to Sidedale, som gaa ud fra Ottadalen paa begge Sider af Ottavandet, hvilken Dal er det egentlige Hoveddalføre i Loms Præstegjeld. Her findes Sognets Kirke, 14 Mil fra Hovedkirken, paa Gaarden Gardmos Grund. Det er en liden uanselig Bygning, der, som Afbildningen viser, i og for sig ikke kan vække store Forventninger hos Beskueren; den har desuden ved de tvende Tilbygninger af Tømmer, hvorved den har erholdt Kors form, og hvilke ere opførte iden første Halvdel af forrige Aarhundrede [1730], tabt sin oprindelige Karakter. Den har nemlig fra først af været bygget som Langkirke af Rejsværk med de for Stavekirkerne eiendommelige Udskjæringer og Svalgange. De sidste ere imidlertid forlængst nedtagne.



Det er fleire teikningar enn bilde av Garmo stavkyrkje. Dette er ei skisse av «Garmo kirke, Annex til Lom» av Joachim Frich frå før 1858. Riksantikvaren.

Torgærir gamlæ a garmoe, vatn Tess er Tessir ok ollu hans afspringhi, og let han göra Kirkiu a bø sinum etc.» ... «Kirken her maae da være en af de ældst her til Lands, skiønt ofte ombygget, da den er af Træe. Nederst i nu værende Kirkes Klokke-Stræng, henger en Jærn Ring, giort som en sammensnoret Vidie; og den bereter man, at St. Oluf selv har forarbeidet.»

DISKUSJON OM RIVING

Diskusjonen om riving av Garmo stavkyrkje var intens utover på 1800-talet. Både internt i bygda og utad var det sterke krefter i sving. Presten hadde bruk for ei kyrkje der det var plass til alle sokningane og ei kyrkje det var trygt å gå inn i. I Garmo sokn var det i 1855 registrert 610 innbyggjarar. I heile Lom hovudsokn var det den 2538. Garmoingane var også ivrige kyrkjegåarar og stavkyrkja vart for lita. For å spare plass, vart folk gravlagde ved hovudkyrkja i Lom i staden for i Garmo.

«Foreningen til norske Fortidsminnemærkes Bevaring» var stifta i 1844 og engasjerte seg i arbeidet med å ta vare på både kyrkjebygningar og inventaret i kyrkjene. I sin årsberetning for 1869 skriv dei at «Direktionen var underrettet av Folkehøiskolelærer Chr. Brun om at Garmo kirke i Lom sansynligvis vilde blive nedreven, naar Sognets nye kirke er tagen i bruk. ... Sognepresten ble anmodet om velvillig gjennom Prestegjeldets bestyrelse at vike til Bygningens Bevarelse, da den, sjønt i iflere Dele fra nyere Tid, dog sansynligvis indeholder Levninger af den, Olaf den Helliges Sagn omtalte Kirke, og Udgifterne ved dens Bevarelse ville blive høist ubetydelige....»¹³

KOMMUNEN LYSER UT KYRKJA FOR SALG

Lom heradsstyre starta i mai 1879 arbeidet med å få fjerna stavkyrkja i Garmo, mellom anna med utlysingar i landsdekkjande aviser. [Sak 4 Lom heradsstyre i møte 30. mai 1879]: Det bliver at bekjentgjøre at den gamle Kirke i Garmo kan erholdes tilkjøbs, forsaavidt et eller andet Selskab eller private der maatte interessere sig for at indlade sig herpaa. Anbud herpaa bliver at inlevere til Herredstyrelsen. ... Skulde det vise sig at der ingen intresse høves for Vedligeholdelsen af dette høist ubetydelige Hus, saa bliver det at sælge til Private i Bygden paa Betingelse af at det bliver at nedrive og bortføre.

Kyrkja var nok verkeleg i svært dårleg stand, for ikkje ein gong Foreningen til norske Fortidsmindesmærkers Bevaring meddelte kommunestyrelsen om at dei akta å kjøpe kyrkja på grunn av «dens ubetydelige antikvariske Værd.

Det vart frå fortidsminneforeningen understreka at Lom kommune måtte overdra døypefonten i kyrkja til oldsaksamlingen, noko kommunen «med Fornøielse forære ... når som helst, forsaavidt den ønsker det, ogsaa erholde en saakaldt St. Olaf Spenning af sammensnoet Jern, hvilken fra umiddelig Tid har være opbevaret i Kirken».^d



Garmo stavkyrkje frå Digitalmuseet, Maihaugen. Av ukjent/Via Arko forlag. På nettsidene til Maihaugen er illustrasjonen oppgjeven til 1865, berre femten år før riving.

Eit gavledragehode frå Garmo stavkyrkje vart også innlemma i Oldsaksamlingen, men dette vart karakterisert som «en sen og klosset imitasjon av det middelalderlige gavldragehodet fra Lom» [Lomskyrkja]. Den gamle dørplata i Garmo-portalen, «to virkelig fine middelalderiske lås- og ringbeslag» vart sikra. Men heller ikkje desse er frå Olav den Heilage si tid og liknar svært mykje på andre dørbeslag frå 11- og 1200 talet.^e

Kjøpe stavkyrkja var det ingen som ville. I 1882 var Garmo stavkyrkje riven og delar av kyrkja og inventaret seld på auksjon på kyrkjestaden. Nokre stokkar hit og nokre stokkar dit. Noko som

tømmer og noko som ved. Andre kjelder brukar 1880 som årstal for demontering av tømmer og salg på auksjon.

MANGE STAVKYRKJER VART NEDREVNE Ein gong i tida skal det ha vore så mange som 750 stavkyrkjer her til lands. I løpet av 1600-talet vart dei fleste revne og det vart att berre om lag ein tredjedel av desse. Fortidsminneforeningen redda fleire. Mange, som til dømes Garmo stavkyrkje, gjekk dukken.

Dei aller fleste av desse kyrkjene var bygt før år 1400. Etter dette vart det nesten iikkje bygt stavkyrkjer her til lands.



Svenske kronprins Karl vart i 1856 erklært til «Vise-konung i Vårt Rike Norge». Det meste av sommaren 1856 gjekk med til ei omfattande rundreise i Noreg langs sørlandskysten, oppover vestlandskysten og innover Sognefjorden for så å leggje turen over Sognefjellet og ned til Lom. I «Voyage en Norvège 1856» er det attgjeve mange illustrasjonar frå Lom, mellom anna av «Départ de gardmo», der Dardel har illustrert reisefylgjet til kronprinsen ved avreise frå Garmo, antakeleg utanfor Garmo stavkyrkje. Slik kommuniikasjonen var den gongen, var båten det beste framkomstmiddelet opp og ned Ottadalen. Garmosodden ved kyrkja var eit knutepunkt og det er nok her Dardel har illustrert reisefylgjet. Kjelde illustrasjon: Nasjonalbiblioteket, Håndskriftsamlingen.

Garmo, Garmoe og Gardmo

Det finst mange slags skrivemåtar på stadnamnet Garmo. I «Bygdemaalene i Sondhordaland» er det også nemnt ein stad som heiter Gardmo eller Garmoe med forklaringa «Ruiner af Gjærde [af Sten eller Træ], som findes i selve Gjærdets Linje».


I Norske Gaardnavne, utgjeve i 1900, står det: «Gardmór, som der oftest skrives i MA, vilde give en rimelig Mening: indgjerdet Mo. Mod denne Forklaring kan anføres, at Udtalen ikke har tykt I, som man skulde vente, naar der var opr. rd, og at der paa et Par af Steder, hvor Gaarden tidligst nævnes, ligeledes findes blot r. Maaske ere dog disse Indvendinger ikke afgjørende.»

TROND EKLESTUEN, SKRAP-TROND

Trond Eklestugun, opprinneleg husmannsgut frå Garmo, var ein ihuga samlar av alt mogleg rart. Han var til stades på aksjonen på kyrkjeodden og kjøpte det han meinte han had råd til. Han kjøpte det meste av tømmeret og det han ikkje fekk tak i på auksjonen, merka han seg kvar det tok vegen.

Skrap-Trond hadde gifta seg til Ulsand på andre sida av Tessand og samla etter kvart mykje av sakene i telthuset sitt i Vågå. Etter kvart tok han i bruk ei steinrøys heime på Ulsand for å få plass til alt han hadde fått tak i frå Garmoskyrkja. Det vart gjort mang ein tur over isen på Vågåvatnet med kyrkjetømmer. Ulsand låg veglaust til.

Når det leid på nokre år, kom Anders Sandvik til Vågå og tok turen innom Trond. Dei to starta med ein gong med å få reist opp att Garmoskyrkja på Maihaugen. Knut Villa fekk arbeidet. Det var nettopp dette Trond Eklestuen hadde håpa på, drøymt om og hatt som plan bak alt arbeidet og alle investeringane han hadde gjort med innsamling av tømmer og andre gjenstandar etter Garmo stavkyrkje. Lenge var Eklestuen einsleg om å tru på at det skulle vere mogleg. Han fekk ikkje oppleve Garmoskyrkja attreis på Maihaugen sjølv. Han gjekk bort i 1917 og kyrkja stod ferdig på Maihaugen fyrst i 1921.¹⁹



Trond Eklestuen, eller Skrap-Trond, har mykje av æra for at Anders Sandvik kunne få satt opp att Garmo stavkyrkje på Maihaugen. Foto: Ukjent, Maihaugen.

GJENREISING I VÅGÅ?

Etter at Garmo stavkyrkje var nedteken, var det faktisk krefter i sving for å få reist opp att kyrkja i Vågå. Dette hadde kanskje bakgrunn i at mykje av det som var fjerna frå kyrkja på Garmo havna i Vågå. Kristians amts filial av foreningen til Fortidsminnerkets bevaring redegjorde for desse planane og saka var kommentert i «Ugens Nyt» den 4. februar 1909:

«Arkitekt Henrik Jürgensen, udtaler, at Murene er saa godt bevaret, at Kirkens Grundrids – saavel hvad Længde som hva Bredde angaar – med Høiagtighed lader sig besteme. ... Envidere har Tron Eklestuen endel Rester av Kirkens Træverk, saaledes ti Stykker Laftetømmer. Arkitekten kan ved hjælp av disse bestemme Længde og Bredde. Hos Eklestuen findes ogsaa ti runde Søiler – ca 40 Dm. tykke. Disse gjør det muligt at fastsætte Høiden af Storkirkens Vægge. Ogsaa Spiret er i Behold.»

«Paa Garmo findes bevaret endel Billeder, en Altertavle, Rester af Prædikestolen, udskaarne Bord, mindre Søiler o.s.v. Arkitekt Jürgensen slutter sin Beretning med at anbefale, at der søges tilveiebragt en Rekonstrutionsplan for Garmo Kirke; [i Vågå] Arkitekten vil i saa Tilfælde staa til Disposition.»

ORDSKIFTE OM INVENTAR

I 1920 pågjekk det ein heftig debatt i avisene om inventaret frå Garmo stavkyrkje. Ugens Nyt skriv 10. april 1920 at «Når de brutale hænder rev den gamle helligdom isønder, var der dem i bygden, som syntes det var ilde, at gammelt inventar, som slegten deres havde skjænket til kirken, skulde sælges paa auktion – og de tog vare paa det. Trond Eklestuen, kanskje den merkeligste samlar vi har havt i landet – hvis ikke Sandvik selv er endnu merkeligere, syntes nok ogsaa det var synd, og sankede sammen alt han kunde faa tag i af bygningen. Dog, det var jo bare brudstykker.»

«Alle er einige om, at Sandvig har gjort en god gjerning, da han gjenreiste Garmo kirke. Derfor er det med dyb bedrøvelse, man hører, at der i Garmo herredsstyre har reist sig røster for, at man skal hindre, at de øvrige rester af Inventaret fra den gamle kirke, som endnu findes rundt om paa gaardene, kommer til Maihaugen. Det er rigtig, at vore fortidsminder bevares paa sit hjemsted, hvor de alene befinder sig i de rette omgivelser. ...»



Kyrkjeporten på Systugun Garmo, slik den står i dag.

Drøymer om å sette opp att ei kyrkje

Tidsskriftet FORTIDSVERN hadde i 2022 eit flott oppslag om «Folket på Garmo», som ynskjer seg ei stavkyrkje att på garden. Kristine Romslo og Henning Garmo bur nå på Systun Garmo, der Garmo stavkyrkje stod fram til 1880-åra.

Dei to ynskjer å utnytte dei moglegheitene som finst utover den ordinære gardsdrifta og ser potensiale utover det at Systun skal vere ein stad med tradisjonell gardsdrift. Kristine er sjølv utdanna historikar.

Henning fortel at fleire generasjonar på garden meiner at det skulle ha vore satt opp att eit bygg på kyrkjetomta.

- Den store draumen er å finne ein investor som kunne ha vore med å sette opp ein kopi av den fyrste versjonen av Garmo stavkyrkje. Han uttrykker ynskje om inspirasjon og forslag frå historikarar og arkitektar for å finne ut korleis den fyrste kyrkja på Garmo eigentleg såg ut. Kristine er meir inne for å få bygt ein kopi av kyrkja som står på Maihaugen.

- Kyrkjetomta er automatisk freda. Vi har nemnt dette for representantar for Riksantikvaren, fortel Henning til bladet FORTIDSVERN, som tykkjer det er vanskeleg å vite kvar dei skal starte.¹

Kjelder som ikkje er nemnde i tekst:

- 1 Wikipedia
- 2 kirken.no
- 3 Diplomatarium Norvegium : Oldbreve til Kundskab om Norges indre og ydre For...
- 4 Skjåk kyrkje 200 år. M. Bruheim 1952.
- 5 Nicolay Nicolaysen; Norske fornlevninger 1862-1866
- 6 Kirkesteder i Oppland, Riksantikvaren
- 7 Kulturminnesøk
- 8 Skjåk kyrkje, Rolv K. Øygard
- 9 Årbok for Gudbrandsdalen 1967 (?) Ola Øyjorde,
- 10 Lokalhistoriewiki
- 11 Store Norske leksikon
- 12 Folketelling attgjeven i Morgenbladet 8/2 1956
- 13 Den Norske Rigstidende, torsdag 30. juni 1870
- 14 Erindringer fra et halvt Aarhundredes Vandreliv, Yngvar Nielsen
 - a Nasjonalbiblioteket
 - b Årbok Dølaringen 1933, Eilev Brenna
 - c Norrske Kirker
 - d Årbok for Gudbrandsdalen 1870, T. Brustugun
 - e Årbok for Gudbrandsdalen 2020, stavkyrkjeskurd
 - i I Gudbrandsdalen, Erla Hohler
 - f Årbok for Gudbrandsdalen 1962
 - g Årbok for Gudbrandsdalen 1979
 - h Bøverdalen kyrkje 150 år 1864-2014
 - i Fortidsminnevern, Medlemsblad for Fortidsminneforeningen nr. 4 2022.



I «søre stuggu» i tunet på Systugun Garmo er det lagra mykje kunst frå Garmo stavkyrkje. Dette hadde vorte lagt inn under ein låve da kyrkja vart reven. På veggane heng det mellom anna votivbilder (kunst som bygger på folkelige tradisjonar) som hadde vorte gjevne som gåve til kyrkja.¹ Til høgre på bildet, toppen av preikestolen, eller lyd-himmelen. Altartavla frå Garmo stavkyrkje står på eit myrkt loft på Systugun Garmo. Denne er datert 1731. Dei som vitjar garden får sjå altartavla.¹ Foto: Henning Garmo.



Preikestolen frå Garmo stavkyrkje i «søre stuggu» på Systugun Garmo. Foto: Henning Garmo.



«Gud til Ære Kirken til Beprydelse, er denne tavle given til Garmo Annex Kirke af Goro Pedersdatter Overli Ao 1731.»